

Sakspapir

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|-------|------------|
| Laila Bjørge | | 18/177 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 025/2018 | Kommunestyret | PS | 14.06.2018 |

Framlegg til revidert strategi - SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket) 2018-2020

Forslag til vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til dei prioriteringane som er gjort frå administrasjonen, og vedtek den framlagte strategien som gjeldande strategi for bruken av SMIL midlane i Modalen kommune for perioden 2018 – 2020.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

SMIL (Spesielle miljøtiltak i landbruket) er ein del av det nasjonale miljøprogrammet for jordbruket, som skal synleggjere den samla innsatsen frå jordbruket for å styrke miljøarbeidet. Hovudmålet er å sikre *"eit ope og variert jordbruks- og kulturlandskap, og sikre at eit breitt utval av landskapstypar, at særleg verdifulle biotopar og kulturmiljø vert teke vare på og skjøtta, samt bidra til at jordbruksproduksjonen fører til minst mogleg forureining og tap av næringsstoff."*

For 2018 har Landbruksdirektoratet gitt Hordaland ei ramme på 5,2 mill. kr til SMIL. Midla vert fordelt med utgangspunkt i tal landbruksføretak i kommunen og vurdering av behov og bruk av midlane i kommunane. SMIL midlane skal medverka til at lokale utfordringar vert løyst i tråd med overordna målsettingar, og på ein slik måte at lokale verdiar knytt til jordbrukslandskapet vert teke vare på og skjøtta og at mangfald som finst i landet knytt til natur, miljø og landskap vert halde i hevd og teke vare på.

Kommunar utan oppdatert SMIL-strategi for 2018, får ikkje tildelt slike midlar. Modalen har mangla ein oppdatert slik strategi, og administrasjonen har laga eit nytt framlegg som i stor grad er ei vidareføring av tidlegare strategiar. Planen har vore sendt på høyring til Modalen Bondelag. Dersom den vert vedteken vil den vera retningsgivande for løyving av SMIL-tilskot og for bruk av kommunale tilskot til kulturlandskap over landbruksbudsjettet.

Vurdering

I forvetnings- og tildelingsbrev til kommunane i Hordaland på landbruksområde 2018 er det trekt

fram viktige utfordringar og presiseringar i høve til kommunal landbruksforvaltning også innanfor miljøområdet:

Kommunane skal prioritere tiltak med god miljøeffekt. I jordbruksavtalen for 2017-2018 er det spesielt omtalt at det kan bli gjeve SMIL-tilskot for å hindre spreiding av framande skadelege artar. Vi oppfordrar elles kommunane til å informere om at det er mogleg å få SMIL-tilskot for å hindre erosjon og ureining til vassdrag. Vi minner om at tilskot til gamal kulturmark må blir vurdert ut frå kvalitetane til arealet, og ikkje berre ut frå behov for beite. Etablering av beite på areal som ikkje kan bli klassifisert som gamal kulturmark, er ikkje eit SMIL-tiltak. Tilskot kan berre bli gjeve til tiltak som går utover det ein kan forvente som ein del av den vanlege jordbruksdrifta.

SMIL ordninga er pengar som skal nyttast til restaurering og utvikling, medan RMP (regionalt miljøprogram) er pengar til vedlikehald og årleg skjøtsel. Frå 2017 blei forskrifta endra slik at eigar som leigar ut areal kan søkje SMIL-tilskot når leigetakar driv tilskotsberettiga produksjon på landbrukseigedommen. Det er berre føretak som er registrert i einingsregisteret som kan søkje om SMIL-tilskot. Aktive bønder og grunneigar er difor viktige samarbeidspartar i arbeidet med kulturlandskapet i Modalen.

Strategien er ein vidareføring av tidlegare strategiar. Den er delt i to. Ein generell del som fortel litt om kva utfordringar kommunen har på dette feltet, og eit handlingsprogram der det vert foreslått prioriteringar. Den generelle delen kan liggja fast over tid, medan tiltaksstrategien skal rullerast anna kvart år.

Strategien har tatt utgangspunkt i gjeldande kommunale planar. Mål i gjeldande kommuneplan er å sikre ressursgrunnlaget for landbruket og viktige kulturlandskap. I strategisk næringsplan er det eit viktig mål at Modalen skal utvikla bærekraftige næringar basert på lokale naturressursar. Beiting i utmark og tilrettelegging for gardsturisme mellom anna bruk og vern av stølar og turdrag i Stølsheimen er viktige stikkord.

Det er gjort eit forsøk på og sei noko om kjenneteikn og utfordringar i høve til kulturlandskapet i Modalen. Tiltaksstrategien har 5 overordna prioriteringar:

1. Satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som beite og setervollar.
2. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til heilskapleg kulturmiljø
3. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
4. Tiltak som tek vare på det som er særmerkt for landskapet i Modalen
5. Planlegging og gjennomføring av utsiktsrydding langs vegar og elvar

Tiltaksstrategien er og delt opp i tema som biologisk mangfald, friluftsliv/tilgjenge, kulturminne, kulturmiljø, attgroing og ureining. Kommentar og grunngjeving for prioriteringane er teke inn i strategien.

Strategien har vore på høyring til Modalen Bondelag som ikkje har merknader til denne. Godt samarbeid med dei aktive bøndene i kommunen er ein føresetnad for å lukkast med å gjennomføra tiltaka som er skissert.

Konklusjon

Smil strategien er ei oppfølging av målsetjingar i kommuneplanen/næringsplan og skal vera eit bidrag til å nå dei måla som er sett opp. Kulturlandskap er grunnlag for stadkjensle og identitet, og det er viktig at det som er unikt og særmerkt for Modalen vert teke vare på. Tilskot til landbruksføremål som går over driftsbudsjettet og kan nyttast til kulturlandskap, og strategien vil vera rettleiande for bruk av desse midlane og.

Strategien set fokus på utfordringar knytt til kulturlandskapet i Modalen og prioriteringar og tiltak som kan vera med å løysa desse.

Kommunestyret - 025/2018

KS - behandling:

Landbrukssjefen orienterte om strategien:

Det er eit krav å ha slik strategi for å kunne motta SMIL-midlar. Setje fokus på kva ein i Modalen ynskjer å trekkje fram av verdiar knytt til landbruk utover ordinær jordbruksdrift (ekstrainsats). Strategien er delt inn i tema, t.d. skogtypar, plantar, økosystem m.m. Strategien inneheld 5 satsingsområde.

Anne-Britt Almelid: Må ein vere bonde for å kunne motta tilskot? Landbrukssjef: For å kunne søkje må ein ha eit foretak (org.nr). Grunneligar kan søkje gjennom bonden.

Ordførar: Osterøy kommune har kjøpt inn "no-fence" for å kunne vidareutleige til rydding av aktuelle område. Er det aktuelt i Modalen? Landbrukssjefen: Det kan det vere. Må sjå på kva område Modalen evt. ynskjer å få rydda?

Sigmund Vikane: Kan gardsturisme e.l. vere aktuelt å sjå i samanheng med rydding av aktuelle område? Sjå ulike næringer i samarbeid? Landbrukssjefen: Dette er aktuelt å sjå i samanheng. Ein har noko felles arbeid gjennom strategisk næringsplan som er råd å bygge vidare på.

Vedtaket var samrøystes

KS - vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til dei prioriteringane som er gjort frå administrasjonen, og vedtek den framlagte strategien som gjeldande strategi for bruken av SMIL midlane i Modalen kommune for perioden 2018 – 2020.

Vedlegg:

Strategi for ordninga spesielle miljøtiltak 2018-2020